



## Referat frå evalueringsmøte etter kratt-/ lynngbrann i Øygarden juni 2021

3. september 2021, Øygarden rådhus

Til stades:	Askøy brannvesen, Bergen brannvesen, Bjørnafjorden brann og redning, Coast Center Base AS (CCB), Equinor ASA, Fjell Røde Kors, Helse Bergen (Akuttmedisinsk avdeling/AMK), Hordaland sivilforsvarsdistrikt, Haakonsværn brann og redning, Kvam brann og redning, Nordhordaland brann og redning, Statsforvaltaren i Vestland, Stord brann og redning, Vest politidistrikt, Øygarden brann og redning, Øygarden kommune, Media, frå kl. 13.40: Bergensavisen, Bergens tidende, NRK Vestland, Vestnytt
Møteleiar:	Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand
Referent:	Verona Eikemo Hjørnevik, Øygarden kommune / Anne C.F. Eide, Statsforvaltaren / Oliva Bakketun, Statsforvaltaren

### 1. Innleiing

Ordførar Tom Georg Indrevik ønske velkomen til møtet og takka for innsatsen. Han var sjølv ein del av teamet og opplevde å bli personleg rørt fleire gangar. Det kom personell frå fjern og nær frå brann- og redningsvesen, sivilforsvar, politi og akuttmedisin, og det blei etablert legevakt i feltet. Det vart samhandla på ein måte som gav innbyggjarane tryggleik i ein svært krevjande situasjon, og innsatsen som blei lagt ned i dette arbeidet var uvurderleg.

Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand ønske òg velkomen, og takka for samhandlinga og innsatsen. Samhandling er kjernen i temaet for evalueringsmøtet. Møtet skal handle mindre om det som går på den enkelte organisasjon. Statsforvaltaren har i oppdrag å ta initiativ til, og følgje opp evalueringar etter regionale øvingar og uønskte hendingar, for sikre læring og utvikling.

Statsforvaltaren har valt å prioritere samvirke og samarbeid som hovudtema for evalueringane. Vi legg vekt på å få fram forbetningspunkt og så langt som mogleg identifisere adressat for kven som skal følgje opp forslaga til forbetningar. [DSB sin skogbrannrapport frå 2018](#) har fleire tilrådingar og tiltak for natur- og skogbrann. [Gjerdrum-rapporten frå 2021](#) har nokre læringspunkt som ikkje har noko med brann i Øygarden å gjere i seg sjølv, men som kan vere nyttige og viktige i fleire typar hendingar. Sjå utdrag av tilrådingar, tiltak og lærepunkt frå rapportane i presentasjonen.

### Situasjonen då brannen starta v/ Jan Gaute Fjeldstad Haug, Øygarden brann og redning

#### a) Vêr og forholda i vegetasjonen

Mange faktorar med denne brannen gjorde det vanskeleg å sjå heile situasjonen og vanskeleg å handtere den.

- Veret var tørt med vind frå sør/aust som tok seg opp utover dagen. Den var kraftig i 18-19-tida og tok seg opp utover kvelden.
- Vegetasjonen - lyng, brake og myr - tørkar lett opp og brenn lett. Det er òg noko planta skog og mindre vatn.
- Sommaren har vore tørr.
- Lyngpiskar var ikkje nok.

## b) Brannberedskap

- Normalt vaktoppsett fordelt på tre stasjonar, samt overordna vakt.
- Samla aksjonsstyrke: 51, pluss 5 i overordna vakt. 6 mannskaps- og tankbilar, samt ei framskoten eining.

## 2. Varslingsfase

### a) Innleiing v/ Christer Skei, 110-sentralen

- Det var 4 personar på vakt i 110 sentralen. Utover kvelden blei dei 8 personar, pluss ein ute i felt.
- Første utkalling gjekk til Ågotnes stasjon, så utkalling frå Dalsneset stasjon
- Trippelvarsling (110/112/113)
- Melding om hurtig spreiding
- Førespurnad om støtte frå skogbrannhelikopter
- Varsling av Sivilforsvaret
- Sendte store ressursar til Øygarden, men måtte ha restberedskap til eventuelle andre hendingar.

### b) Innleiing v/innsatsleiar (IL brann) Jarl Hestad, Øygarden brann og redning

- Såg raskt at brannen kunne verte stor.
- Det var utfordringar med utplassering av ressursane; tronge vegar, mange fartsdumpar m.m.
- Det blei nytta drone for å få oversikt, og forsøkt å samhandle med ressursane som var på veg.
- Første stasjon som vart varsla hadde flest mannskap (deltidspersonell)
- Hovudmerksemd på å redde liv og verdier.
- Opplevde at samarbeidet med andre var tett under hendinga, særleg med politiet.

### c) Innspel/spørsmål/diskusjon

#### Jan Gaute Fjeldstad Haug, Øygarden brann og redning

- Har hatt ein internrunde og ein kort runde med politiet og sivilforsvaret, der nokre læringspunkt allereie har kome fram.
- Det kommunale brannvesenet har ikkje ein overordna stabsorganisasjon over seg. Ser at det vil vere nyttig å knyte seg på eit system som kan støtte innsatsleiar brann med meir strategisk tenking og planlegging ved store hendingar.
- Kjenner einskapleg leiingssystem (ELS): støtte, logistikk og plan - kan godt sitje i litt avstand frå dei som står midt opp i hendinga.
- Det vert jobba med dette i regi av Vest brann og redning (samarbeid mellom 18 brann- og redningsvesen).

#### Rune Landro, Øygarden kommune

- Kommuneleiinga vart varsla kl. 14.00 (ein time etter at 110-sentralen fekk meldinga). Kalla då inn kommunal kriseleiing (KKL)
- Kven har ansvar for varsling til kommuneleiinga og kva rutinar gjeld?

#### Jarl Hestad

- Det er ikkje predefinerte varslingsrutinar til kommuneleiinga. Kan med fordel etablere ei ordning for varsling når ein viss terskel er nådd, t.d. evakuering

### **Haavard Stensvand**

- Varsling frå naudetatane til kommuneleiinga har vore eit gjentakande tema på evalueringar etter større hendingar.
- Kvifor ikkje berre etablere slik varsling som ei fast rutine. Mykje meir skade av ein telefon for lite, enn ein telefon for mykje.
- Naudetatane må finne ut om er operasjonssentralen eller alarmsentralen som skal ha ansvaret for å etablere ein god rutine på dette.

### **Pål Hansen, Bergen brannvesen**

- Sakna at ein allereie i varslingsfasen ser potensialet i hendinga; kva er «worst case»-scenarioet?
- Vakhavande sjef må tenkje potensiale, og eventuell trong for leiarstøtte. Det å få nok leiing, og tidlegare varsling og etablering av leiarstøtte er viktig.

### **Torgils Lutro, Vest politidistrikt (Øygarden lensmannskontor)**

- Må snakke om dette med varsling. Såg i ei seinare sak at det òg vart varsla litt seint.
- Politiet har ansvar for evakuering og såleis ansvar for varsling.

### **Tom Georg Indrevik, Øygarden kommune**

- Kommuneleiinga får ofte vite saker gjennom media/sosiale media. Informasjonsdeling varierer litt ut frå kven som er tilgjengeleg/på arbeid.
- Det er veldig fint å få informasjon tidleg, då media ofte ringer først. Får ofte trykket med ein gong.
- Særleg ettermiddag/kveld er det behov for å få informasjon tidleg.

### **Gustav Landro, Vest politidistrikt:**

- Er opptatt av at det må vere eit generisk varslingsystem, som kan fungere likt for varsling av alle kommunar.

### **Øygarden kommune:**

- Det vi har snakka om no er viktig, men etter kvart kom vi inn på eit veldig godt spor og oppgåvene vart ivareteke. Det var eit godt samarbeid.

### **Bergen brannvesen**

- Vest brann og redning kalla raskt inn til Teams-møte med brannsjefane. Føremålet var å få ei felles situasjonsforståing og lage plan på kva dei kunne stille med dei neste dagane.
- Det var viktig å planlegge med tanke på «restberedskap» (beredskap i andre område). Viktig lærepunkt å ta med.

## **3. Etableringsfase**

### **a) Innleiing v/Jarl Hestad, Øygarden brann og redning**

- Kom fram og fekk oversikt.
  - Ikkje største brannen han har vore med på, men den spreidde seg svært raskt.
  - Skogbrannhelikopter og Sivilforsvaret var varsla og på veg.
  - Potensialet til brannen gjorde handteringa/vurderingane vanskelege. Det føregjekk eit svært hektisk arbeid.
- Lukkast med å syte for at det ikkje var folk og dyr i husa i nærleiken.
- Handtering av media er tidskrevjande. Det er samstundes viktig å «eige» hendinga og få ut informasjon i media.

## b) Innleiing v/ Casper Kaland, Innsatsleiar politiet (IL politi)

- Ikkje meir enn eitt hus brente ned, ingen liv gjekk tapt og ingen sivile vart skadd. Det er eit godkjent resultat for ein slik kraftig og intens brann.
- Det var eit veldig godt arbeid av naudetatane og dei andre aktørane. Det var ein fenomenal innsats av alle involverte på alle nivå.
- Bra kommunikasjon, og det var viktig.
- Tidleg felles situasjonsbilete og forståing mellom IL politi og IL brann om at dei ikkje hadde kontroll på brannen.
- Hastigheita på brannen var den store utfordringa, og den vart undervurdert. Det fekk konsekvensar for ressurssettinga til både brannvesenet og politiet
- ILKO
  - ILKO måtte flyttast for å sikre betre oversikt.
  - Fungerte ikkje godt nok, særleg fordi aktiviteten i ILKO og staben til brannvesenet forstyrra kvarande. Det vart for mykje støy.
  - IL brann vart i for stor grad tilgjengeleg for brannstab – og med det for lite tilgjengeleg for ILKO.
  - Det blei likevel teke gode avgjersler som politiet er fornøgd med.
- Sjølve brannen blei stoppa kl. 21.30 på kvelden (men blussa opp igjen dagen etter). Sidan det då vart vurdert å ikkje lenger vere fare for liv og helse, gjekk innsatsleiinga ca. kl. 23.00 tilbake til brannvesenet. Politiet hadde framleis innsatsleiar ute, som var klar til å overta leiinga igjen ved behov for meir evakueringar.
- Helse var òg ein del av ILKO.
- Det vart ei utfordring at IL brann blei for tilgjengeleg for eigen stab og hadde ein del arbeidsoppgåver som ikkje ligg under ein IL.
- Staben til brannvesenet burde vore på ein annan lokasjon enn ILKO.
- Bestilling av KO-telt frå Sivilforsvaret ville kunne gitt nødvendig avstand og arbeidsro.

## c) Innspel/spørsmål/diskusjon

### IL Brann

- Det skjedde det som ofte kan skje for den etaten/organisasjonen som er «eigar» av ei hending; innsatsleiar vart nærast nedringt av sine egne.
- Det er hektisk og kaotisk. Masse ballar i lufta førte til for mykje støy.
- Det var for mykje folk i stabsrommet til brann og gjorde at IL brann var for lite tilgjengeleg i ILKO.

### Haavard Stensvand

- Kva er den beste måten å jobbe på? Kva grep er det mogleg å ta?

### IL brann

- Mykje av utfordringa er tilnærminga. Det er vanskeleg i hektiske periodar m.a. på grunn av støy.
- I brannstaben tenkte vi for lite folk og for lite langsiktig i etableringsfasen.
- Er samd med IL politi i det var feil å samle alle i same rommet.
- Må bruke alle romma på t.d. ein skule eller brannstasjonen. Ikkje samle alle i same rom. Ha ein tydeleg møtestruktur.

### **110-sentralen**

- Eit viktig læringspunkt er at ressursane var der (150 personar hadde vore tilgjengeleg), men det må kartleggast tidleg. Det mangla struktur på kvar ressursane var.
- Tenkte nok ikkje stort nok tidleg nok.

### **Politiet**

- Bør utforske moglegheitene som storskjerm for videomøte i stabsrom og i ILKO kan gi for å gi avstand, men samstundes vere lett tilgjengeleg. Bruk «Av»-knappen og svare ved behov.

### **Haavard Stensvand**

- Meiner at det var gode erfaringar med bruk av Teams på ei øving for redningsleiinga i vinter. De bør halde fram med å utforske dei digitale moglegheitene. Å vere litt pålogga og «nær» kan vere ein god ting.
- Må syte for å ha nok ressursar.
- Det er viktig å få til dialogen med kriseleiinga i kommunen tidleg.
- Fekk de til gode byte av innsatsleiar?

### **IL brann**

- Overleveringa av innsatsleiinga var ikkje optimal. Energien gjekk ut av IL brann når ein var ute av fasen med å redde liv.

## **4. Innsatsen**

### **a) Innleiing v/ IL brann Jarl Hestad, Øygarden brann og redning**

- Basert på tidlegare erfaringar og litt optimisme skulle brannen har spreidd seg med mykje lågare fart.
- Det var 250 hus som kunne vere utsett med den aktuelle vindretninga, og det var venta at brannen skulle «krype» i den retninga.
- Då IL brann og innsatsleder skiftar posisjon frå Fjæreide til Vestsidevegen, såg dei at brannen hadde eit anna omfang og potensiale enn dei trudde på førehand.
- På grunn av både langvarig tørke og vegetasjonstypen, fungerte lyngpisk i kombinasjon med skogbrannhelikopter dårlegare enn forventta (vurdert ut frå tidlegare erfaringar).
- Innsatsleiar brann hadde leiinga til politiet sin innsatsleiar tok over kl. 13.30.
- Reint teknisk var dette ein vanskeleg brann. Den «hoppa» over vatn og vegar som vart vurdert som naturlege hinder for spreinga. Vurderingar gjort i ettertid tilseier at dette er ein type brann som er uvanleg på våre breiddegrader, men noko som land sør i Europa er meir vant til.

### **b) Innspel/spørsmål/diskusjon**

#### **Haavard Stensvand**

- Er det store nok ressursar i regionen/fylket til å handtere store brannar som dette?

#### **110-sentralen**

- Ressursane finst, men det må på plass planlegging og organisering/logistikk. Samvirke på så store hendingar må øvast på.

### **Øygarden brann og redning**

- Samvirke på stabsnivå av dette omfang har vi ikkje hatt på denne måten før. Dette er noko vi må sjå nærmare på og utvikle vidare (VBR).
- Det var uheldig at vi var noko seine til å kalle inn den store tyngda av ressursar som det var behov for.

### **Sivilforsvaret**

- Hordaland Sivilforsvarsdistrikt stilte med totalt 258 personar (jobba til saman ca 3890 timar under brannen)
- Personellressursane er tenestepliktige som må kallast ut, ikkje personell som er kasernert eller i innsats allereie. I praksis er om lag 50 % av det styrkedisponerte personellet «gripbare» på kort varsel ved ei beredskaphending.
- Sivilforsvaret er ikkje ein utømeleg ressurs. Personellet har sitt daglege verke i andre etatar og verksemdar. Tenesteplikta er strengt lovregulert, og det avgrensar handlingsrom og tilgjenge.
- På grunn av raske endringar i situasjonsbildet vart personellet frå Sivilforsvaret sett i situasjonar/oppgåver dei normalt ikkje er tenkt nytta til etter tryggleiksreglane. Det sette evna til å halde ut på prøve, både personell- og logistikkmessig.

### **Haavard Stensvand**

- Trenar/øver brannvesenet rett? Bør kanskje øve meir på stabs-/leiarfunksjonar enn på å rulle slargar og sløkke bål.
- Kva med støtteressursar (bistand). Bør det vere eit betre system for å ta i mot og organisere det. Klarte de å utnytte god nok ressursane som kom?

### **IL brann**

- Det var ikkje eit godt nok system for mottak av bistandsressursar.

### **IL politi**

- Vi har endra vår strategi for mediehandtering. Ved ny hending vil det etter planverket vere éin person som handterer media. Dette er gjort m.a. på bakgrunn av erfaringar frå skredhendinga i Gjerdrum.
- Vil halde jamlege pressekonferansar for å presentere status og relevante fakta.

### **Kommunikasjonsrådgjevar, Bergen brann og redning**

- Vart kalla ut på dag to og overtok alle telefonar m.m. som gjekk til IL brann.
- Handterte presse på staden og oppretta kontakt mellom seg og pressa. Det tok vekk mykje av trykket på IL brann.
- Innsatsleiar må møte pressa, men ein person tidleg inn for å handtere «støyen».

### **Daniel Ayala Høydal, CCB (industrivernet)**

- Industrivernet er godt trent på å handtere brannar, men ofte meir stasjonære innanfor portane til verksemdene. Saknar ein diskusjon om kva ein gjer når ein kjem på utsida.
- Kommunen kunne eventuelt teke initiativ til ei øving på det.

### **Helse Bergen**

- Overordna: Samvirke og samarbeid har fungert i det alt vesentlege.

- Dette er ei av dei største akutthendingane Helse har handtert sidan skredet på Hatlestad terrasse. Hadde 60-70 personar i innsats.
- I alt 15 personar fekk helsehjelp – fem pasientar frå innsatspersonell vart transportert til sjukehus, åtte pasientar frå innsatspersonell blei behandla på framskoten legevakt, ein pasient vart transportert til sjukeheim og ein pasient vart transportert til legevakt. Røykskadar var det største problemet.
- Etableringa av framskoten legevakt (Tranevågen ungdomsskule) var gull verdt for sjukehuset, og Helse tar det med vidare som ei god erfaring.

## 5. Evakuering

### a) Innleiing v/Casper Kaland, Vest politidistrikt

- Å evakuere så mange menneske var ein formidabel jobb som tok mykje tid.
- Det var god arbeidsfordeling mellom naudetatane. Brannvesenet, med støtte frå industrivern, sivilforsvar m.v. kjempa mot brannen medan politiet og helse dreiv evakueringsarbeid.
- Evakueringa starta til dels for seint, spesielt i områda Valderhaugen og Maggevarden. Med utgangspunkt i verstefallsteorien burde planlegging av evakuering starta tidlegare. Dette gjorde igjen at både sivile og innsatsmannskap vart utsett for unødig risiko.
- Mykje skryt til helse, som leverte over forventning. Sju ambulansar vart brukt til å naudevakuere Valderhaugen. Dei hadde verneutstyr og var sjølvgåande.
- Kommunen gjorde òg ein kjempejobb med evakueringa.

### b) Innleiing ved fungerande kommunedirektør Rune Landro

- Første KKL-møte var kl. 15.15. Leiing frå brann og politi var med.
- Særleg samarbeidet med politiet fungerte etter kvart veldig bra. Politiet var med i KKL-møta heile tida (digitale møte).
- Kommunen si oppgåve var å ta hand om innbyggjarane, ha evakueringssenter og sikre ein plass å vere/bu.
- Kommunen ser i ettertid at det i beredskapsplanen burde vore klarlagt aktuelle lokalitetar for evakuering, og det må vere ein gjennomgang av det. Ågotneshallen vart etter kvart brukt og det fungerte bra.
- Førehandsplanlegginga bør òg omfatte bemanning på evakueringssenteret. Andre ressursar som mat, lege, tolk, psykososial støtte m.m. må vere på plass.
- Kommunen hadde hotellavtale i Bergen, men det var avgrensingar grunna koronapandemien (hotellet vert nytta som karantenehotell eller liknande).
- Teknologien med SMS-varsel til innbyggjarane fungerte bra.
- Fekk telefonar om støtte frå nabokommunar.
- Kommunen må ha liason ute i felt som oppdaterer KKL.
- Kommunen varsla publikum via SMS.

### c) Innspel/spørsmål/diskusjon

#### Fredrik Mathisen, Røde Kors

- Førehandsvarsling/tidleg varsling kunne bidrege positivt.
- Skjemaa for registrering av evakuerte fungerte ikkje skikkeleg i byrjinga. Hadde ikkje skjema for andre språk enn norsk.
- Det var ein del innbyggjarar som klaga på mangel på informasjon på Fjelly. Det burde ha vore ein person frå kommunen der.

- Det var òg ei utfordring å gi (nok) informasjon til foreldre som hadde born åleine heime, mens dei sjølv var på jobb på fastlandet.

#### **Politiet**

- Ein del av årsaka til desse utfordringane var at vi heile tida var litt på etterskot.
- Politiet skal ha kurs for tilsette som kan ta seg av evakuerte-/påørandesenter. Innspela frå Røde kors er veldig viktige i så måte.

## **6. Etterfase**

### **a) Innleiing v/Jan Gaute Fjelstad Haug, Øygarden brann og redning**

- Drona til Bergen brannvesen var eit suverent verktøy for å følgje med på situasjonen.
- Kan bli endå betre på kommunikasjon og samhandling
- Fekk etter kvart krisestøtteverktøyet CIM opp og gå.
- Fekk ressursar frå Bergen – personell bytta seg då ut.

### **b) Innspel/spørsmål/diskusjon**

#### **Bergen brannvesen**

- Personellet frå Øygarden kunne etter kvart reise heim og ta velfortent kvil. Det var utfordringar med omsyn til overgangen då Bergen kom ut og skulle overta innsatsleiinga.
- Manglande lokalkunnskap var ei utfordring. Dette burde vore betre planlagt frå Øygarden, t.d. ved at vaksining av personellet vart avlyst/utsett.
- Dei som styrte innsatsen frå skogbrannhelikoptera klaga over at det var vanskeleg å nå leiinga i Øygarden brann og redning. Det er viktig å halde linjene og ha kontakt med lokalt brannvesen.

#### **Haavard Stensvand**

- Kan ikkje forvente at enkeltpersonar skal vere mogleg å nå 24/7/365, t.d. på grunn av ferie og sjukdom. Men det er viktig og nødvendig at nøkkelfunksjonar er på plass uavhengig av kven som er på jobb.

#### **Øygarden brann og redning**

- Øygarden brann og redning bør gjere forbetringar for å sikre enklare tilgjenge i alle ledd i store aksjonar.

## **7. Skjøtsel/førebygging**

### **a) Innleiing v/Øyvind Vatshelle, Statsforvaltaren**

- Sjå presentasjon

#### **Ordførar Tom Georg Indrevik**

- Kommunen vil invitere til eit møte for å diskutere tiltak. Dette er utruleg viktig. Innspel frå brannvesenet viktig.

#### **Øygarden brann og redning**

- Veldig positivt.
- Brannvesenet bør vere med på dette for å lære seg det, sjå det som ein ressurs.



## 8. Lærepunkt for oppfølging

Tema	Grunngeving	Ansvarleg
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sløkketaktikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klimaendringar, i kombinasjon med endringar i vegetasjonsforholda, gjer grunn til sjå på måten brannar som utviklar seg svært raskt skal handterast.</li> <li>• Rutinar for overvaking/tilsyn etter første sløkkefase</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øygarden brann og redning i samarbeid med Vest brann- og redningsregion</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Stab-/leiarstøtte i brann- og redningstenesta</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det kommunale brannvesenet har ikkje ein overordna stabsorganisasjon over seg.</li> <li>• Det vil vere nyttig å knyte seg på eit system som kan sikre meir strategisk tenking og planlegging ved store hendingar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øygarden brann og redning i samarbeid med Vest brann- og redningsregion</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere sikre rutinar for varsling av kommuneleiinga ved større hendingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen vil ofte ha viktige oppgåver ved ein brann, redningsaksjon eller liknande. Støtte til politiet ved varsling og evakuering av publikum vil ofte vere ei sentral oppgåve.</li> <li>• Rask varsling er viktig for å setje kommunen i stand til å gjere jobben på ein god måte.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vest politidistrikt (i samarbeid med Alarmsentralen og AMK)</li> <li>• Statsforvaltaren i Vestland</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere rutinar for, og øve på samvirke mellom politiet og kriseleiinga i alle kommunar ved større uønskete hendingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Politiet deltok i møta i KKL, og begge partar hadde nytte av det.</li> <li>• Evalueringsrapporten frå redningsarbeidet etter skredet i Gjerdrum peikte på det same.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vest politidistrikt</li> <li>• Statsforvaltaren i Vestland</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikle vidare rutinar for varsling av Sivilforsvaret og frivillige organisasjonar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er viktig for både Sivilforsvaret og dei frivillige å få tidleg varsel (evt. førehandsvarsel), for å kunne førebu innkalling av personell.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vest politidistrikt (i samarbeid med Alarmsentralen, AMK, Sivilforsvaret og Forf)</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikle vidare system og rutinar for mediehandtering</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Implementere læring frå skredet i Gjerdrum.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vest politidistrikt i samarbeid Vest brannregion</li> </ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikle vidare system og rutinar for etablering og drift av ILKO</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokalisering</li> <li>• Bruk av digitale samhandlingsverktøy</li> <li>• Deltakarande personell/avgrensing/skjerming</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vest politidistrikt i samarbeid Vest brannregion og Helse Bergen</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øve på leiarnivå/strategisk nivå på handtering av store brannar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• «Worst Case»-tenking</li> <li>• Langsiktig planlegging</li> <li>• Kartlegging /oversikt over tilgjengelege/moglege ressursar</li> <li>• Mottak av ressursar</li> <li>• Evakuering – planlegging og gjennomføring</li> <li>• Overtaking av innsatsleiing</li> <li>• HMS for innsatsmannskap, særleg støtteressursar</li> <li>• Opprette og drifte framskoten legevakt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øygarden brann og redning i samarbeid med Vest brann- og redningsregion, Vest politidistrikt og Helse Bergen</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk av industrivernet som støtteressurs ved terrengbrannar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øve saman</li> <li>• Kartlegge og forstå avgrensingar i kompetanse, utstyr m.v. til å handtere brannar med stort spreingspotensiale</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øygarden brann og redning i samarbeid med Vest brann- og redningsregion</li> <li>• Industrivernet</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikle vidare beredskapsplanverket for evakuerings-situasjonar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Registrere aktuelle evakueringsstadar</li> <li>• Planlegge for å kunne etablere og drifte evakuerte- og pårørandesenter</li> <li>• Øve</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øygarden kommune</li> <li>• Vest politidistrikt</li> <li>• Statsforvaltaren</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre rutine og systema for å oppretthalde sentrale kontaktpunkt i brann- og redningsvesenet 24/7/365</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Må sikre at det alltid er mogleg for eksterne samvirkeaktørar å nå personar med avgjerdsmynde</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øygarden brann og redning</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode rutinar for HMS (industrivernet hadde ein svært utfordrande situasjon og måtte evakuere frå eit område som var overtent)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis halde oversikt over innsatspersonell?</li> <li>• Varsling om fare (Naudnett)</li> <li>• Utstyr og kompetanse</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øygarden brann og redning i samarbeid med Vest brann- og redningsregion</li> <li>• Industrivernet</li> </ul>